



**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Roan, Næringshagen  
**Dato:** 21.06.2018  
**Tid:** 19:00 – 21:30

### Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Martha Schrøder Momrak	Medlem	AP
Nils Vidar Pettersen	Medlem	AP
Ingunn Lauvrak	Medlem	AP
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Svein Slyngstad	Medlem	SP
Per Helge Seltveit	Medlem	SP
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP
Ellen Elisabeth Gasmann	Medlem	SP
Thor Inge Levang	Medlem	SP
Karl Rune Hansen	Medlem	AP

### Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Øyvind Kile	Medlem	AP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP
Nils Kristian Moe	Medlem	AP

### Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Elise Lauvrak	Øyvind Kile	AP
Olav Åge Dale	Nils Kristian Moe	AP
Thorstein Wøllestad	Anne Serine Nærum	AP

### Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)  
36/18 – 49/18

Merknader til møteboka:

**Protokolltilførsel – vedteken med 11 av 17 røyster:**

Fyresdal kommunestyret har fleire gonger peika på at tilsetting frå administrasjonen utan heimel ikkje er lovleg etter delegeringsreglementet. Denne praksis må opphøre straks og vil få konsekvensar om den fortsetter.

Godkjenning av protokoll:

\_\_\_\_\_  
Erik Skjervagen  
Ordførar

Fellestenesta  
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland  
rådmann

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka møte(X)
PS 36/18	Referatsaker	
PS 37/18	Økonomigjennomgang pr. 01.05.2018	
PS 38/18	Årsmelding 2017 Fyresdal kommune	
PS 39/18	Rekneskap 2017 - Fyresdal kommune	
PS 40/18	Søknad om permisjon frå vervet i kontrollutvalet for ein periode	
PS 41/18	Etablering av innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark	
PS 42/18	Samarbeid på digitalisering i Vest-Telemark	
PS 43/18	Deltaking i 110 nødalarmsentral for region Sør-Øst	
PS 44/18	"Alarmsentralen Telemark"	
PS 45/18	Endringar i samarbeidsavtale mellom Fyresdal kommune og Sør-Øst politidistrikt	
PS 46/18	Framtidig fiberutbygging i Fyresdal kommune	
PS 47/18	Selskapsavtale - Renovest IKS/ending (revisjon) av gjeldane selskapsavtale	
PS 48/18	Søknad om fleire ressursar til einskildelevar for skuleåret 2018/2019	X
PS 49/18	Søknader frå Fyresdal Næringshage AS om midlar for å gjennomføre omstillingsprogram og utviklingsstøtte/tenestekjøp 2018.	

Fyresdal 13. juni 2018

Erik Skjervagen  
ordførar

Fellestenesta  
utvalssekretær

Samrøystes for å handsame ettersendt sak 49/18 - Søknader frå Fyresdal Næringshage AS om midlar for å gjennomføre omstillingsprogram og utviklingsstøtte/tenestekjøp 2018.

## **PS 36/18 Referatsaker**

### **RS 10/18 Orienteringar**

#### **I møtet:**

- Rektor, Sarke Veum, la fram statusrapport frå Gimle skule.
- Orientering om endringar hos Fylkesmannen i Telemark
- Orientering om at Fyresdal kommune sender krav om konsesjonskraft frå Nape Kraft AS.
- Valgdagar i 2019 vil vere søndag 8. september og måndag 9. september.
- Orientering om møte i dag vedrørande Arendal Fengsel avd. Kleivgrend.

#### *Spørsmål frå Martha S. Momrak:*

Kommunestyret vedtok tidlegare å legge Gardar ut for sal – kor langt er denne prosessen komen?

Svar frå rådmannen:

Det blir arbeid med å velge ut meglar som kan ta seg av dette.

## PS 37/18 Økonomigjennomgang pr. 01.05.2018

### Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 1. mai vert teken til vitande.  
Rammene til sektorane vert justera slik:

Sektor	Utgift	Inntekt
Sektor for økonomi og felles	480.000	480.000
Sektor for helse og omsorg	100.000	100.000
Sektor for kultur og oppvekst	80.000	80.000
Sektor for plan og teknikk	254.000	254.000
Finans	1.500.000	1.500.000

Oppgradering av lokale for tannlegekontor med inntil kr 400.000,- vert dekt av ekstraintekt frå sal av konsesjonskraft.

### Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018

Den økonomiske stoda pr. 1. mai vert teken til vitande.  
Rammene til sektorane vert justera slik:

Sektor	Utgift	Inntekt
Sektor for økonomi og felles	480.000	480.000
Sektor for helse og omsorg	100.000	100.000
Sektor for kultur og oppvekst	80.000	80.000
Sektor for plan og teknikk	254.000	254.000
Finans	1.500.000	1.500.000

Oppgradering av lokale for tannlegekontor med inntil kr 400.000,- vert dekt av ekstraintekt frå sal av konsesjonskraft.

## PS 38/18 Årsmelding 2017 Fyresdal kommune

### Innstilling frå rådmannen:

Årsmelding for Fyresdal kommune 2017 blir teken til vitande.

### Handsaming i Formannskap - 06.06.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### Vedtak i Formannskap - 06.06.2018

Årsmelding for Fyresdal kommune 2017 blir teken til vitande.

### Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 06.06.2018

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 06.06.2018**

Årsmelding for Fyresdal kommune 2017 blir teken til vitande.

### **Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 06.06.2018**

Rådmannen blei bedt av leiar om å gå gjennom årsmeldinga.

Revisor melder om ein sunn økonomi, men eit begrensa økonomisk handlingsrom.

Ingen kommentarar til årsmeldinga.

Eit samrøystes Arbeidsmiljøutval tek årsmeldinga til vitande.

### **Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 06.06.2018**

Årsmelding for Fyresdal kommune 2017 blir teken til vitande.

### **Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 07.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 07.06.2018**

Årsmelding for Fyresdal kommune 2017 blir teken til vitande.

### **Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 12.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 12.06.2018**

Årsmelding for Fyresdal kommune 2017 blir teken til vitande.

### **Handsaming i Administrasjonsutvalet 13.6.2018**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Administrasjonsutvalet 13.6.2018**

Årsmelding for Fyresdal kommune 2017 blir teken til vitande.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

På dei ulike sektorane er det vist til måla for økonomiplanperioden og ikkje til årsmåla for 2017, det gjer det vanskeleg å sjå om årsmåla er oppnådde. Det bør vere mål for det enkelte år som ein skal bruke i årsmeldingane som tidlegare.

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Årsmelding for Fyresdal kommune 2017 blir teken til vitande.

## **PS 39/18 Rekneskap 2017 - Fyresdal kommune**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2017 vert godkjent slik den ligg føre.

### **Handsaming i Formannskap - 06.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen og uttale frå kontrollutvalet.

### **Vedtak i Formannskap - 06.06.2018**

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2017 vert godkjent slik den ligg føre.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Fyresdal kommune sin årsrekneskap for 2017 vert godkjent slik den ligg føre.

## **PS 40/18 Søknad om permisjon frå vervet i kontrollutvalet for ein periode**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Leiar i kontrollutvalet, Annveig Veum Aas(Sp), får ikkje permisjon frå vervet sitt i kontrollutvalet i den tida ho er utleigd til å utføre kommunale oppgåver.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Tone I. Veum reiste spørsmål om sin habilitet og vart samrøystes kjent ugild i saka og deltok ikkje i den vidare handsaminga. Det var ikkje kalla inn vara.

### **Framlegg frå AP v/ Olav Gisle Noraberg:**

Søknad om permisjon blir imøtekomen.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå AP v/ Olav Gisle Noraberg.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Søknad om permisjon blir imøtekomen.

## **PS 41/18 Etablering av innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune går ikkje nå inn i eit innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Fyresdal kommune går ikkje nå inn i eit innkjøpssamarbeid i Midt- og Vest-Telemark.

## **PS 42/18 Samarbeid på digitalisering i Vest-Telemark**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommunestyre sluttar seg til felles arbeid med digitalisering i Vest-Telemark.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Fyresdal kommunestyre sluttar seg til felles arbeid med digitalisering i Vest-Telemark.

## **PS 43/18 Deltaking i 110 nødalarmsentral for region Sør-Øst**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune går inn som deltakar i Sør-Øst 110 IKS. Rådmannen legg seinare fram ny sak om handsaming av selskapsavtala, innskot av kommunane sin del av eigenkapital og dekning av kostnader til drift og etablering samt valg av representanter til representantskapet.

Kostnadane innarbeidast i budsjett for 2019.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Fyresdal kommune går inn som deltakar i Sør-Øst 110 IKS. Rådmannen legg seinare fram ny sak om handsaming av selskapsavtala, innskot av kommunane sin del av eigenkapital og dekning av kostnader til drift og etablering samt valg av representanter til representantskapet.

Kostnadane innarbeidast i budsjett for 2019.



## **PS 44/18 "Alarmsentralen Telemark"**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune vedtek forslaget til "Vedtekt for alarmsentralen Telemark", datert 06.03.2018.

Meirkostnaden med å delta i Telemark alarmsentral innarbeidast i budsjettet for 2019.

### **Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 06.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 06.06.2018**

Fyresdal kommune vedtek forslaget til "Vedtekt for alarmsentralen Telemark", datert 06.03.2018.

Meirkostnaden med å delta i Telemark alarmsentral innarbeidast i budsjettet for 2019.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Fyresdal kommune vedtek forslaget til "Vedtekt for alarmsentralen Telemark", datert 06.03.2018.

Meirkostnaden med å delta i Telemark alarmsentral innarbeidast i budsjettet for 2019.

## **PS 45/18 Endringar i samarbeidsavtale mellom Fyresdal kommune og Sør-Øst politidistrikt**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Samarbeidsavtala mellom Sør-Øst politidistrikt og Fyresdal kommune blir godkjent som ho nå ligg føre.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samarbeidsavtala mellom Sør-Øst politidistrikt og Fyresdal kommune blir godkjent som ho nå ligg føre.

## **PS 46/18 Framtidig fiberutbygging i Fyresdal kommune**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune stiller seg positiv til å løyve sin del i samsvar med finansieringsplanen og legg dette til grunn for søknaden til Telemark fylkeskommune om tilskott til fiberutbygging i heile kommunen.

Ein kjem attende til finansiering i budsjett for 2019 og evt. prioriteringar som må gjerast av utbyggingsområde ut frå tildelinga som blir gjort.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Fyresdal kommune stiller seg positiv til å løyve sin del i samsvar med finansieringsplanen og legg dette til grunn for søknaden til Telemark fylkeskommune om tilskott til fiberutbygging i heile kommunen.

Ein kjem attende til finansiering i budsjett for 2019 og evt. prioriteringar som må gjerast av utbyggingsområde ut frå tildelinga som blir gjort.

## **PS 47/18 Selskapsavtale - Renovest IKS/ending (revisjon) av gjeldane selskapsavtale**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune godkjenner vedlagte selskapsavtale for Renovest IKS datert 30.03.2018.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Fyresdal kommune godkjenner vedlagte selskapsavtale for Renovest IKS datert 30.03.2018.

## **PS 48/18 Søknad om fleire ressursar til einskildelevar for skuleåret 2018/2019**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg gjer Gimle skule høve til å lyse ut og tilsetje ein 100% spesialpedagog og ein 50% fagarbeidar utover ramma på heimelslista.

### **Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 07.06.2018**

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

## **Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 07.06.2018**

Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg gjer Gimle skule høve til å lyse ut og tilsetje ein 100% spesialpedagog og ein 50% fagarbeidar utover ramma på heimelslista.

## **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

### Framlegg frå Guro Libjå:

Saka vert utsett til neste kommunestyremøte.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå Guro Libjå.

## **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Saka vert utsett til neste kommunestyremøte.

## **PS 49/18 Søknader frå Fyresdal Næringshage AS om midlar for å gjennomføre omstillingsprogram og utviklingsstøtte/tenestekjøp 2018.**

### **Innstilling frå rådmannen:**

- Fyresdal Næringshage AS sin søknad om utviklingsstøtte/tenestekjøp 2018 blir å avslå.
- Fyresdal kommune løyver inntil kr 600.000 som ekstraordinære utviklingsmidlar under føresetnad av at Telemark fylkeskommune gjer det same. Kr 300.000 av desse er øyremerkast "gründerpakka". For at utviklinga av Fyresdal Næringshage ikkje skal stoppe opp øyremerkast inntil 200.000 av løyvinga marknadsføring og promotering av Fyresdal Næringshage for å etablere nye og utvikle eksisterande arbeidsplassar. Dei resterande midlane på kr 100.000 nyttast for utvikling av bedrifter utanfor Næringshagen og løyvast først etter at fylkeskommunen har løyvd kr 600.000.
- Fyresdal Næringshage må legge fram ny finansieringsplan og konkretisere plan for korleis dei vil gå fram for å marknadsføre Næringshagen utad og korleis dei vil samhandle med interne bedrifter for å stimulere dei til ekspansjon.
- Frokostmøte, tema-/kompetansemøte blir gjennomført som del av handlingsprogrammet for omstillingsprogrammet leia av dagleg leiar.
- Ramma for omstillingsprogrammet aukast med kr 140.000 for 2018.

## **Handsaming i Formannskap - 06.06.2018**

### Framlegg frå formannskapet:

Det løyvast kr 600.000,- til drift av Fyresdal Næringshage AS kvart år i 3 år med dekning frå fristilte lønsmidlar frå næringsssjefstillinga.

Det løyvast kr 300.000 til gjennomføring av "gründerpakka" med dekning frå næringsfondet. Ramma til omstillingskommuneprogrammet aukast med kr 140.000 for 2018 med dekning frå næringsfondet.

Samrøystes i samsvar med framlegget frå formannskapet.

## **Vedtak i Formannskap - 06.06.2018**

Det løyvast kr 600.000,- til drift av Fyresdal Næringshage AS kvart år i 3 år med dekning frå fristilte lønsmidlar frå næringsssjefstillinga.

Det løyvast kr 300.000 til gjennomføring av "gründerpakka" med dekning frå næringsfondet.

Ramma til omstillingskommuneprogrammet aukast med kr 140.000 for 2018 med dekning frå næringsfondet.

### **Handsaming i Kommunestyret - 21.06.2018**

Erik Skjervagen, Martha S. Momrak og Karl Rune Hansen reiste spørsmål om sin habilitet då dei sit i styret i Fyresdal Næringshage AS.

Olav Gisle Noraberg vart saksordførar.

#### Framlegg frå Per Helge Seltveit:

Alle tre vert kjent ugilde i saka, jfr. Forvaltningsloven §6 1.ledd bokstav e).

#### Framlegg frå Olav Gisle Noraberg:

Alle tre vert kjent habile i saka, jfr Forvaltningsloven §6 4. ledd.

7 røyster for framlegget frå Per Helge Seltveit.

7 røyster for framlegget frå Olav Gisle Noraberg som vart vedteke med saksordførars dobbeltstemme.

Alle tre vert kjent habile i saka, jfr Forvaltningsloven §6 4. ledd, og deltok i handsaming.

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

### **Vedtak i Kommunestyret - 21.06.2018**

Det løyvast kr 600.000,- til drift av Fyresdal Næringshage AS kvart år i 3 år med dekning frå fristilte lønsmidlar frå næringssjefstillinga.

Det løyvast kr 300.000 til gjennomføring av "gründerpakka" med dekning frå næringsfondet. Ramma til omstillingskommuneprogrammet aukast med kr 140.000 for 2018 med dekning frå næringsfondet.